

DET  
KONGELIGE  
NORSKE  
VIDENSKABERS  
SELSKAB



---

**SKRIFTER 1 • 1998**

Roger Lockertsen

**Gerhard Schøning om bynamna  
Nidaros og Throndhjem**

**Eit handskrift frå ca. 1760**

DET  
KONGELIGE  
NORSKE  
VIDENSKABERS  
SELSKAB

SKRIFTER

---

*Editor*

Harald Nissen, The Royal Norwegian Society of Sciences and Letters,  
Erling Skakkes gt. 47b, 7013 Trondheim

*Editorial board*

Jon Lamvik, professor – Medicine/Biology  
Arne Jensen, professor – Chemistry/Geology  
Haakon Waadeland, professor – Physics/Mathematics  
Harald A. Øye, professor – Technology  
Peder Borgen, professor – Philosophy/Religion/Psychology  
Per Fuglum, professor – History/Social sciences  
Vacant – Literature/Languages/Art

Tapir Publishers, 7005 Trondheim

Communications regarding accepted manuscripts, orders of reprints,  
subscriptions etc. should be sent to the Publisher.

Roger Lockertsen

**Gerhard Schøning om bynamna  
Nidaros og Trondhiem**

**Eit handskrift frå ca. 1760**

© Artikkelforfattarane

ISSN 0368-6310

ISBN 82-519-1345-4

*Trykk: Tapir Trykkeri*

*Bind: Sandnes Bokbinderi A/S*

# Innhold

Forord .....	4
Gerhard Schøning (1722–1780) – historievitskap og namnegransking .....	6
Fagleg strid om opphav og alder på bynamna .....	9
Nidaros er det eldste bynamnet .....	10
Gerhard Schøning versus Didrik Arup Seip .....	15
Merknader til handskriftet .....	17
Gerhard Schøning: Cap: 1ste. Om byens Navne; deres Oprindelse og Bemerkelse ...	19
Litteraturliste .....	39



## Forord

Gerhard Schøning sitt handskrift om bynamna Throndhjem og Nidaros er skrive som opningskapittel i ei planlagd byhistorie. Kapitlet har overskrifta: "Om Byens Navne; deres Oprindelse og Bemerkelse", og originalmanuskriptet ligg i *Gammel Kongelig Samling nr. 987.2* i Det Kongelige Bibliotek, København. Det blir heretter kalla OBN. Handskriftet er ikkje datert. Det er heller ikkje ei avskrift i *Kjeldeskriftfondet nr. 245 b* i Riksarkivet i Oslo - heretter kalla OBNK. Avskrivaren har skrive denne framsida på OBNK: "Bilage til Gerhard Schønings Reise, hvori allene Schønings Undersøgelse om Oprindelsen til Byen Trondhjems Navne i ældre og nyere Tider". Desse opplysningane kan ikkje oppsporast i originalmanuskriptet. Dersom det med "Schønings Reise" er meint den store reisa i Sør-Noreg, som han fekk stipend til å gjennomføre, så skjedde ho i perioden 1773-75. Det er grunn til å tvile på at handskriftet er utarbeidd så seint. At Schøning skreiv på OBN mens han var i Noreg, tyder uttrykksmåten "At den [dvs. byen] her i Riget har været ..." (p. 1, mi utheving). Meir presist viser uttrykksmåten "ligesom Mære her inde i Sparboen" og "her ved Byen" (p. 3, mi utheving) at manuskriptet skriv seg frå tida då Schøning var i byen Trondheim.

Biskop Johan. E. Gunnerus (1718-1773) melde alt i 1759 - året etter at han blei utnemnt til biskop i Trondheim - at Schøning snart ville komme ut med både ei norsk litteraturhistorie og ei bok "om Trondhjems bys historie og beskrivelse", men ingen av dei blei gjevne ut. I arbeidet med doktoravhandlinga frå 1916 gjekk Francis Bull igjennom arkiva etter Schøning både i København og i Trondheim. Der fann han samlingar til begge dei påtenkte bøkene. Om byhistoria skriv Bull at Schøning hadde fått ferdig eit par kapittel då han stoppa, og det var truleg før avreisa hans frå Trondheim til Danmark i 1764-65 (Bull 1916:171). Manuskriptet OBN var altså byrja på eller ferdig alt i 1759. Schønings bok *Beskrivelse over Den tilforn meget prægtige og vidtberømte Dom-Kirke i Throndhjem, egentlige kaldet Christ-Kirken* kom ut i 1762, og Schøning syner til denne boka i OBN p. 6, fotnote 10. Det viser at Schøning heldt på med eller var ferdig med manuskriptet til domkyrkjeboka mens han skreiv på det handskriftet som vi gjev ut her. Manus var ferdig tre år før boka blei gjeven ut (Daas 1880:33). På dette grunnlaget kan vi forsøke oss med ei tidfesting av manuskriptet til ca. 1760.

I arkivmappa *Gammel Kongelig Samling nr. 987* ligg det òg andre dokument. Der ligg eit manuskript om Munkholmen, gardsrekneskapar for ulike område av Trøndelag, oversyn over tienden i Innherred, "Matrikkelens

fulde Skyld udi Nordmør Fogderi", og beskrivingar av Osens Jernverk, Grytten prestegjeld, Aker, Valdres og Vang. Brevveksling mellom Schøning og folk rundt om i Danmark-Noreg ligg der òg.

Mi forskning i striden om det offisielle bynamnet skulle vere Trondhjem, Nidaros eller Trondheim i åra 1929 - 1931, inneber m. a. ein studie av den vitskaplege og faglege namnedebatten i 1920- og førstninga av 1930-åra. Frå vitskapleg ståstad kan ein beklage at Schøning då var så pass lite velsedd som vitskapsmann. Som vi skal sjå, må vi gje G. Schøning 1760 rett og professor D. A. Seip 1930 feil i tolkinga av opphavet til og alderen på bynamnet.

Underskrivne vil takke Arne Gunnar Edvardsen, Tromsø som har gjort arbeidet med å skrive OBN ut etter kopi av originalmanuskriptet. Deretter er manuskriptet samanhalde med avskrifta i Kjeldeskriftfondet. Usikre punkt er til slutt avklara av underskrivne mot originalmanuskriptet i Det Kongelige Bibliotek i København. Takk òg til førsteamanuensis Ola Stemshaug, Trondheim og førsteamanuensis Bjørn Kvalsvik Nicolaysen, Stavanger som har lese gjennom dette manuskriptet og komme med nyttige råd og rettleiingar. Ansvar for denne framstillinga skal eg likevel ta heilt på eiga kappe.

Stavanger i mai 1998

Roger Lockertsen



## Gerhard Schøning (1722 - 1780) - historievitenskap og namnegransking

Handskriftet OBN har stor interesse både for historikarar, språkhistorikarar og namnegranskarar, for Schøning skriv utførleg og vitenskapleg om opphavet til og bruken av bynamna Nidaros og Thronthiem (Trondhjem). Drøftinga av Nidaros-namnet følgjer ein sikker historisk-lingvistisk metode, og utlegginga av bakgrunnen for, utviklinga av og tolkinga av namnet Nidaros hos Schøning er det svært lite å utsetje på i dag. Tesen hans om mannsnamnet Thrand/Thrond som forklaring på første leddet i namnet Thronthiem, er ikkje rekna som sannsynleg av dagens namnegranskarar. Vi skal sjå at styrken og veikskapen ved Schønings vitenskaplege metodar blir godt illustrerte med utleggingane om desse to namna.

Ludvig Daa skreiv i 1880 *Gerhard Schøning. En biographi*, men denne biografien er mest ei skildring av livsløpet. Halvdan Koht 1929 (1913) er den som først gjev ei grundig og kritisk vurdering av *vitenskapsmannen* Gerhard Schøning. Det gjer han både ut frå forskingsstoda ved byrjinga av 1900-talet og ut frå ei vurdering av Schøning si samtid, jf. Koht 1929, 1922 og 1958. Koht 1929 blei prenta første gong i 1913, og Francis Bull 1916 bygger mykje på Koht, men han skriv ei endå meir omfattande vurdering av vitkapsarbeidet til Schøning. Koht 1922 er i utgangspunktet ein presentasjonen av den danske og nordnorske bakgrunnen til Schøning: Han var "etter blode (...) tri fjordepartar norsk og nordlending" (Koht 1922:2)! I denne artikkelen gjev Koht òg ei engasjert framstilling av vitkapsarbeid, metodar og resultat hos Schøning. I *Biografisk leksikon* 1958 gjev Koht ei 10 s. konsentret og poengtert framstilling av Schønings liv og verk der vitkapsarbeidet står i fokus.

Under studiane i København vende Schøning seg vekk frå eit studium av klassisk filologi og motnordisk historie. Av Gram, Langebek og Leibnitz lærte Schøning historisk metode og kritikk (Bull 1916:147). Utanom historie og norrønt (islandsk) var han skolert i latin, gresk, hebraisk, tysk, fransk, engelsk, italiensk og i fleire naturfag (Koht 1958:86ff).

Det var på slutten av 1740-talet at Schøning lærte seg norrønt. Francis Bull vurderte det slik at "naar islænderne undtas, var der i Danmark=Norge i hele det 18de aarhundrede neppe nogen mand som var saa grundig en kjender av den gamle tids sprog og litteratur som Gerhard Schøning" (Bull 1916:151f). Kjeldetilvisingane hans i OBN dokumenterer då òg store kunnskapar bygd både på norrøne og andre kjelder.

Schøning har i ettertid fått kritikk fordi han ikkje forstod runene

riktig, jf. Schøning 1980 III:207ff. Mest er han kritisert fordi han hevda tesen om at dei germanske folka ætta frå Norden, og at det var landsdelane Hålogaland og Trondheimen som først blei folkesette i Noreg. Historikarane R. Keyser og P. A. Munch arbeidde seinare etter tilsvarande tesar, og det var først etter Ivar Aasen sine dialektgranskingar på 1840-talet at desse tesane blei avviste for godt.

Schøning bygde den eldste delen av hans *Norges Riiges Historie* mykje på "sagmessige" kjelder. Ut frå desse kjeldene "konstruerte hans nøkterne ånd op en historie utenfor all virkelighet", konstaterte Koht (1929:43). Innvandringsteorien og (ukritisk) bruk av mytar og segner som verkelege historiske kjelder, sette Schøning i eit dårleg lys og gjorde han generelt nedvurdert av dei etterfølgjande historikargenerasjonane.

Koht 1922 slo derimot fast at vitskapsverket til Schøning "har lenge lege i skuggen og vore reint mismætt." Den nye kritiske historiegranskinga på 1800-talet skuvde Schøning "vanvørdsleg til sides. (...) Tysken Dahlmann, som fyrst for ålvor tok til å rydje op i dansk historie, skreiv om Schøning i 1822, at i historisk kritikk stod han lågt, og at heile Noregshistoria hans berre var tøv og juks." R. Keyser og P. A. Munch vørde ikkje så mykje som å nemne Schøning. Historikaren Sars nemnde Schøning berre med tre linjer i *Udsigt over den norske historie*, så Koht (1922:3) konkluderte med at han derfor ikkje kunne ha lese noko av Schøning.

Trass i alt ein kan kritisere Schøning for i ettertid, står det fast at han i *Forsøg til Forbedring i den gamle Danske og Norske Historie*, som han skreiv saman med Suhm 1757, viste ein "skarpsindig kombinasjon og kritisk prøvelse" av kjeldene. Hos Schøning måtte t. o. m. sogene "finne sig i å stå tilbake for mer samtidige efterretninger fra utlandet." Koht meiner at det var med dette verket den vitskaplege metoden hadde sitt inntog hos oss. Somme av resultatata har blitt forkasta av andre forskarar seinare, andre har blitt ståande, mens det "varigste av alt var selve det kritiske prinsipp" (Koht 1929:41). Når Schøning fekk "faktisk historisk stoff mellem hendene", gav dei logiske kombinasjonane hans framifrå resultat, påpeikte Koht (1929:43). Oluf Kolsrud vurderte Schøning sin *Reise gjennem Gudbrandsdalen 1775* (utgjeven første gong i 1926) på tilsvarande vis: "Selv om han på videnskapens daværende standpunkt stundom tar feil i sine forklaringer og formodninger, er det dog en trygg og kyndig fører, man i denne nøkterne forsker har" (Kolsrud 1928:191f).

Suhm la i sin fortale til bind III av Schøning 1771-81 vekt på Schønings forhold til Rousseau. "Han yndede og meget den berømte Rousseau's Sætning om Menneskets største Lykke i den naturlige Stand, end i den slebne" (Schøning 1771-81 III:c2). Suhm legg til at han sjølv ikkje var heilt einig i dette, og at dette spørsmålet hadde gjeve grunnlag for mange disputtar mellom dei. Som vitskapsmann karakteriserte Suhm sin

kollega som "Nordens Polibus" (Schøning 1771-81 III:a2).

Koht 1929 viser òg til at Schøning følgde Rousseau sin filosofi, og derfor "vendte han tanken først og fremst mot folkelivet; der fant han den sanne historie." Det var forskinga etter sanning som stod høgast hos Schøning, skriv Koht. Hans "mandige ærlighet krevde i alle forhold sannhet og naturlighet: Derfor blev han en videnskapelig banebryter." Schøning grunnla norsk historisk vitskap, han hjelte til med å "bygge vår selvstendige kultur", og forskinga hans er "et ledd i vår nasjonale nyreisning", skriv Koht (1929:44). Med den historiske distansen vi no har, ser vi i desse vurderingane òg korleis Koht skriv innafor tema og føremål til (den nasjonale) historieskrivinga først på 1900-talet.

Schøning sitt føremål med det vitskaplege arbeidet var å løfte fram Noreg, og særleg det nordafjelske Noreg. Men for Schøning var patriotismen "ikke bare en følelessak, et romantisk sværmeri, men ogsaa et krav til rationelt arbeide for landets oppkomst og folkets velfærd", skriv Francis Bull (1916:159). Koht samstemmer i dette: Schøning var "ikke nasjonalist på bekostning av videnskapen" (Koht 1958:91).

Schønings arbeid som historikar og geograf gjorde han til namnegranskar alt i den første avhandlinga han gav ut: *Forsøg til de Nordiske Landes, særdeles Norges, gamle Geographier* (1751). Boka er den første vitskaplege granskinga av spørsmål omkring dei historiske grensene mellom Noreg og Sverige i nord (Koht 1958:87). Boka reiste dessutan allmenne sagakritiske spørsmål, og ho sluttar med "Register paa Steders gamle Navne, som forklares i dette Skrift" (Schøning 1751:140-143). Han forklarar såleis namnet Jathria og Jader hos Saxo Grammaticus slik: "nu Jæderen eller Jærn". Den førstnemnde skrivemåten er etter dansk skriftradisjon, den andre forma representerer norsk talemål. Han skriv Trums/Thrums for Tromsø, og dermed o-lyden i stammen etter norrøn skrivemåte og etter vanleg norsk og dansk uttale. Den same måten å markere o-lyden på i motsetnad til å-lyd finn vi i namneforma Trundhiem. Schøning viser òg til "Oprindelsen hvoraf den Talemaade i Danmark, og maaske tilforn paa andre Steder er kommen, *at fare eller ride til Thrums*" (Schøning 1751:46). Det tyder på at namnet var uttalt utan -ø(y) både i norsk og dansk talemål midt på 1700-talet. Vi må rekne med at Schøning under oppveksten i Lofoten har lagt merke til dialektuttalen av nordnorske stadnamn. Han skriv nemleg fleire stadnamn heilt etter dialekten så som Trones for Trondenes. Stadnamnet Arnøya skriv han derfor både med diftong og bestemt etterhengt artikkel.

Schøning stiller krav til etymologisk skrivemåte når han hevdar at den norrøne bokstaven "þ" bør skrivast "th" i dansk. I 1751 (:142) ønskjer han ein slik skrivemåte for Tjøtta-namnet: "Þiøtu, nu Kiøten, eller rettere Thiøtten, en Æe paa Helgeland", og han kjem tilbake til dette prinsippet når

han drøftar namnet Trondheim i OBN p. 30. Francis Bull konkluderte med at Schøning alt i 1751 skreiv norske stadnamn "i de brukelige norske former, uten de meningsløse forvanskninger og smakløse fordanskninger som datidens øvrige norske karter blev oversaad med" (Bull 1916:200). Somme av namna var skrivne etter norsk dialektuttale på 1700-talet, men andre var skrivne rett av etter norrøne kjelder.

Også i Suhm og Schøning 1757 finst forklaringar på namn og namnebruk. Schøning presiser at byen Oslo blei grunnlagd med dette namnet, men heitte Christiania då (Suhm 1757:327). Han skriv òg om "staden Nidaros, eller som den nu kaldes, Throndhjem" (Suhm 1757:412). Når dei geistelege på erkebiskop Øysteins tid tok latinske namn, forklarar Shøning dette nærmast på ein sosiolingvistisk måte. Dei skifta namn "fordi de ansaae deres rette Navne enten for alt for hedenske, eller alt for meget gemene" (Suhm 1757:411, fotnote c). I OBN p. 18 er han inne på ei liknande forklaring på namnebruken mellom munkane i Nidaros.

I boka om domkyrkja har Schøning (1762) markert i tittelen at kyrkja opphavleg heitte Krist-kyrkja. I eit "Anhang" til boka har han med "Adskilligt, som bør rettes eller kan tillegges". Det han då nemner først av alt er: "Pag: II. Domkirken kaldes hos de Gamle ogsaa *Nidaros Kirkiu* og *Domkirkiu i Nidaros*." (Shøning 1762:89). Denne boka er trykt i Trondheim, og bynamnet blir her skrive med "Th" og med "j"; Throndhjem. Shøning sjølv skriv namnet stort sett Throndhjem. Suhm, som var danske, men hadde budd lenge i Trondheim, skriv derimot konsekvent Tronhiem i Shøning 1773-81 III:a3ff. Også i reiseskildringane frå 1773-75 har Shøning notert ned namnemerknader. Han presiserer enda ein gong at "den gamle Stad" var "tilforn *Nidaros*, nu *Throndhjem* kaldet." (Schøning 1910 I:2). Og ein annan namneovergang i nærleiken av byen forklarar han slik: "Herved blev da Stedet en Bopæl for Munke, og dets Navn, i de senere Tiider, fra Nidarholm forandret til *Munkholmen*" (Schøning 1910 I:70).

Fagleg strid om opphav og alder på bynamna.

Med lov av 14. juni 1929 vedtok Stortinget at byen Throndhjem frå 1. januar 1930 skulle ha Nidaros som offisielt namn. Loven blei laga etter same mønster som lovane om namneskifte frå Kristiania til Oslo frå 1. januar 1925 og frå Fredrikshald til Halden frå 1. januar 1927. På nyåret 1930 var namnespørsmålet på nytt oppe i tinget, men resultatet blei at Nidaros skulle halde fram med å vere det offisielle bynamnet. På nyåret 1931 var saka oppe i tinget for tredje gong. Eit fleirtal samla seg denne gongen om kompromisnamnet *Trondheim*, som har vore det offisielle namnet på byen

sidan 6. mars 1931 kl. 1200.

Namnestridenten var av dei største politiske sakene på Stortinget. Berre debattreferatet utgjer rundt 350 dobbelspalta sider. I byen var saka enda større. Der hadde det vore kommunal folkerøysting 10. 12. 1928 der 92% ville halde på Trondhjem som bynamn, og i juni 1929 hadde 20.000 av 55.000 innbyggjarar i byen gått i demonstrasjonstog for Trondhjems-namnet. I begge fylkestinga i Nord- og Sør-Trøndelag var det derimot fleirtal for at byen burde heite Nidaros. Stotingsgruppa til regjeringspartiet Venstre gjekk inn for Nidaros. Frisinnede Venstre og Høgre gjekk samla inn for Trondhjems-namnet mens Bondepartiet og Arbeidarpartiet var delte på midten. Sjå elles Kirkhusmo 1997:180ff.

Dei to kjernespora i den faglege stridenten då var sporsmålet om kva bynamn som var eldst, og om forma *-hjem* var dansk eller resultat av ei norsk lydutvikling, jf. Lockertsen 1996:82ff og 1997:45. Det blei skrivne mengder av bøker og hundrevis av artiklar om Nidaros eller Trondhjem/-heim var det eldste bynamnet. Mellom dei namnefaglege autoritetane argumenterte professor Didrik Arup Seip for Trondhjems-namnet, mens dosent Gustav Indrebø var for Nidaros-namnet. Mange andre fagfolk uttalte seg òg, men det var berre Gustav Indrebø som bygde drøftingane av bynamnet på Gerhard Schøning sitt handskrift, jf. Indrebø 1927:177, 1928:10f og 1930:71f. Det er særleg i Indrebø 1928 at han bruker Schøning, og då mest til å kaste lys over namnebyttet frå Nidaros til Trondhjem i perioden 1370 - 1537.

Nidaros er det eldste bynamnet.

Vi skal i det følgjande sjå på Schøning sine hovudresultat i OBN, gje nokre merknader under vegs og til slutt vurdere Schøning 1760 opp imot Seip og Indrebø 1930.

I OBN byrjar Schøning med å forklare korfor han ønskjer å skrivne ei byhistorie: Nidaros hadde vore fremst i rang mellom byane i Noreg og ein stor by i Norden. På p. 5 byrjar dei onomastiske (namnevitenskaplege) drøftingane av bynamnet. Hypotesen hans er at opphavleg hadde "Staden" namnet Nidaros, mens "Districtet" aleine hadde namnet "Thrundhiem". "Exempler og Beviser" finst "i Snese-Tal", hevdar Schøning. Han presenterer derfor først og fremst eksempel som viser kvalitativ forskjell i namnebruk og namnetyding (p. 6f).

Hovudkjelda til Schøning er ein variant av Oddur Snorrason si saga om Olav Tryggvason. Der heiter det at kong Olav kom "sudur til Thrundheims, hellt hann sudur til Nidaross" (p. 6). Ein slik namne-

presisjonen meiner Schøning kjem enda tydelegare fram i eit brev frå kong Erik Magnusson frå 1299 der han helsar alle dei som ser eller høyrer brevet hans "y Þrondheimi och y bønóm Nidaros", dvs. "i Trondheimen (Trøndelag) og i byen Nidaros" (p. 7). Schøning sluttar seg derfor til Absalon Beyer som hevda at Nidaros-namnet er eldre enn Trondheimsnamnet - som bynamn.

Vi skal sjå litt nærmare på sogene om Olav Tryggvason då det er opplysningane her som er grunnlaget for den vanlege oppfatninga av alderen på byen, og grunnen til at Trondheim feira 1000 år i 1997. I Oddr Snorrason Munk si saga om Olav Tryggvason utgjeven av Finnur Jonsson i 1932, heiter det tilsvarande: "helldu þeir in um Agða nes oc til Niðar oss. þar var nocquot þorp sett oc kaupstaðr" (Oddr Snorrason Munk 1932:122). Odd Munk si saga er nedskriven i siste halvdel av 1100-talet og dei bevarte handskriftene er såleis av dei eldste norrøne kjeldene vi har der bynamnet er brukt.

I saga om Olav Tryggvason hos Snorre Sturluson heiter det: "Siðan lét Oláfr konungr fara menn sína um öll fylki í *Þrændheimi*, mælti þá engi maðr í móti kristninni; var þá skírt þar alt fólk í *Þrændalögum*. 70. Oláfr kunungr fór liði sínu út til *Niðaróss*; þá lét hann reisa þar hús á Niðarbakka ok skipaði svá, at þar skylði vera kaupstaðr". (Snorri Sturluson 1911(1936):154, mine uthevingar) Omsett: "Sidan let Olav mennene sine fare omkring i alle fylke i *Trondheimen*, og ingen mann tala da imot kristendommen; alt folket vart døypt i *Trøndelag*. 70. Kong Olav for med hæren sin ut til *Nidaros*. Han let setje opp hus på bakken attmed Nidelva, og avgjorde at det skulle vere kjøpstad der." (Snorre 1990:176, mine uthevingar) Namnebruken viser tydeleg at Nidaros er byen, Trondheimen det geografiske området og Trøndelag det trøndske lovområdet.

Men byen skifta namn frå Nidaros til Thrundhiem (Trondhiem) og Schøning gjev følgjande drøfting av all "Vildfarelse" omkring dette spørsmålet. I Noreg heitte byen Nidaros og blei her ikkje kalla med distriktsnamnet før i 1380-åra (p. 7). Den eldste norske kjelda som Schøning presenterer med Thrundhiem som bynamn, er skriven i 1384 av kong Oluf Håkonson i eit brev skrive i Bergen (p. 8). Indrebø 1930 har eit større og meir detaljert oversyn over eksempel på namneovergangen, men nemner ikkje dette brevet. Derimot slår Indrebø òg fast at det er nettopp etter 1370-1380 at kongebrev tek til å nytte Trondheim som bynamn. Forklaringa er at svensken Henrik Henriksson då blei kanslar. Han braut skikken elles òg - namnebruken var berre ein del av brotet på tidlegare skikk i kanselliet (Indrebø 1930:35).

I utlandet hadde det "fra de ældste tider" vore vanleg å kalle byen med distriktsnamnet. Schøning slår fast at Adamus Bremensis (ca. 1075) kalla byen *Throndemonis*, *Throndempnis* eller *Throndemnis*. Saxo

Grammaticus (ca. 1150-1220) har ein tilsvarande namnebruk, og "den Romerske Pave" skriv *Civitas Trundensis* i fundasjonsbullen for erkebispesetet (1154). Norske skrivarar nyttar derimot "Nidrosia" om byen og "Throndenses eller Thrønder" om "de omkringboende" (p. 9). Utlendingar som sjølve har vore i byen, kallar òg byen "med sit rette Navn". Matheus Parisiensis nyttar derfor namnet *Nitharosia* (p. 10).

Dei norske sjølv, og særleg dei sønnafjells, har støtta opp under ein feil namnebruk på byen ved å bruke landsdelsnamnet når dei meinte landsdelen og byen til saman. Dersom nokon reiste til Nidaros, sa dei berre at dei reiste til Trondheimen (p. 10). Misoppfatningar av sogene har drege i same lei. Når det står der at kongen sat "i Prandheimi" om vinteren, så er det ein parallell til uttrykksmåtar som at kongen sat i Vik (p. 12). Byane heitte likevel ikkje anna enn Nidaros og Oslo.

Særleg danskane har kalla "Staden efter Provincen". Etter at dei var komne "i Mængde her ind i Landet, og deres Sprog efterhaanden toeg Overhaand", så byrja òg innbyggjarane i Nidaros sjølv å kalle byen med distriktsnamnet (p. 12). Namna Nidaros og Trondhiem blei i ein periode begge brukte som bynamn, men etter kvart dominerte Trondhiems-namnet meir og meir. Med reformasjonen 1537 forsvann erkebispesetet som lengst hadde halde oppe norsk måltradisjon - også den norske namnetradisjonen. Schøning slår fast at ein deretter "beholdt det gamle og rette Navn *Nidaros* allene i det Latinske" (p. 12).

I § 5 (p. 14) tek Schøning føre seg og avviser ei rad feiltolkingar av Nidaros-namnet. M. C. Volquartz og fleire forvekslar namneleddet "-os" med "-ås", jf. skrivemåten Nider-Aas. Dei trudde elva hadde fått namn av Byåsen. O. L. Rudbeck og Peder Claussøn Friis skriv *Nidaaeros* og trur namnet har med "den Nedre Flods Udløb" å gjere. Også Ludvig Holberg tek feil når han trur "ar" står for "Flod" og gjev tolkinga Nid + Flod + Os (p. 15). Med sin kunnskap i norrønt slår Schøning fast at "ar" i dette namnet "kun er en genitivi Endelse", og han viser til parallellar både i propriet "Bard" - "Bardar" og i appellativet "Vømb" - "Vambar" (p. 15).

Abrah. Gølnitz trudde det hadde funnest ei kyrkje i byen med namnet Rosa. Etter elva og kyrkja heitte derfor byen Nidrosia, men "gemenligen heder Byen Drunthaim", hevda Gølnitz. Schøning kallar dette eit "artig" innfall, for inga kyrkje i byen har hatt dette namnet (p. 16f). Derimot har byen hatt ei rose i våpnet sitt, og domkyrkja hadde eit rosevindaug i vestre gavl (p. 17). Munkane ønskte å finne ein "for [dem] anstændig Oprindelse" av namnet, derfor blei dei "Høytravende" i sine forklaringar. Dei såg på "det i Landet og blandt den gemene Mand overalt brugelige Sprog" som "alt for ringe og enfoldigt" (p. 18). Mistydingar og slik namnebruk mellom dei geistlege har ført til at både norske og utlendingar fekk "Griller i Hovedet" om ei rose som grunnlag for namnet Nidaros (p. 19). Schøning

avviser påstandar i eit handskrift frå om lag 1557 i Dei arnemagnæanske samlingane og hos Albertus Chrantzius 1583 om at Trondheim var det opphavlege bynamnet (p. 21 f). For sistnemnde sin del er noko av forklaringa at han bygger på namnebruken hos Adamus Bremensis.

Konklusjonen på drøftingane om tydinga av namnet Nidaros og "vor egen Mening herom, bestaaende med faae Ord", blir da at namnet er ei toledda samansetjing av elvenamnet Nid og os (p. 24). Byen ligg slik til at namnet høver med naturen, og namnet har si parallelle namnesamansetjing i dei danske bynamna Randers (Rand-ar-os) og Århus (Ar-os). Schøning finn dessutan støtte for si forklaring i skrivemåten "Nidar-os" i Knytlinga-saga (p. 25). Schøning jamfører deretter bruken av os-namn med bruken av vik-namn (p. 26).

Frå § 8 (p. 26) drøftar Schøning tolkingar av Trondheims-namnet. I samtida hans var det "gemenlige" (vanlege) bynamnet Thronthiem. På tysk var namneformene Druntheim, Thruntheim eller Trunten. Hos "de Gamle" skreiv dei Prandheimur, Prondhæim, Trondhem og Trondem, "paa hvilken Maade Navnet af Bønderne paa adskillige Steder i Norge endnu udtales, hos hvilke man ofte maa søge den rette Oprindelse til vore Ord og Navne" (p. 26). Schøning gjer med dette greie for den språkhistoriske *metoden* han nyttar. Språktilhøve representerte i norrøn skrift, samanlikna med utviklinga i dialektane, er den metoden som gjev oss dei sikraste kunnskapane om norsk indre språkhistorie. Denne lærdommen står fast den dag i dag. Gjennom heile handskriftet viser Schøning til skrivemåten hos "de Gamle", dvs. i dei norrøne kjeldene. Schøning gjer altså eksplisitt greie for denne metoden før han avviser andre sine feilaktige freistnader på å tyde Trondheims-namnet.

Thurius kalla byen etter ein italiensk by "Hydruntum", Iacobus Zieglerius trudde det opphavlege namnet var Truithaim dvs heimen for druidane, og at det i Nidaros hadde vore "den Høie Skole, hvorfra de [dvs. druidane] ere komne til Engelland, Frankrige og Tydskland". Dette og Rudbeck sitt tolkingsforslag "Thronens Hiem" er ikkje anna enn "Hierne-Spind", skriv Schøning (p. 27f).

Schøning slår først fast at "man har billig Aarsag til at holde de Navnes Oprindelse for mistænkelig" som blir forklarte med personar, t. d. at namnet "Norge" kom av namnet på ein kong Nor (p.30). Denne namneforklaringa finst i *Historia Norwegiæ*: "Norwegia igitur a quodam rege, qui Nor nuncupatus est, nomen obtinuerat" (Monumenta 1880:73). Omsett: "Norge har fått navn etter en konge som hette Nor" (Historia Norvegiae 1969:19) Denne forklaringa på landsnamnet finst òg i Flatey-boka, hos Are Frode og hos Snorre. Schøning hadde alt hevda at det var innbilling å tru at ein kong Røe hadde gjeve namnet på byen Roskilde (p. 3). Schøning vil likevel følgje "den enfoldigste Mening" om og "de Gamles" forklaring på



opphavet til Trondheimsnamnet. Han endar derfor ned på at namnet "Thrandheimur" er samansett av "*Thrander* eller *Thrond*, et Mands Navn" og "Ordet *Heim* eller *Hiem* (u), hvilket ligeledes baade har været og endnu er giengs blant os".

Schøning trur på "våre gamle Skribenter", men det er ikkje ei *ukritisk* tru. Han forsvarar namneforklaringa deira med å ikkje ville forkaste "alle saadane Oprindelser til Navne", særleg ikkje "naar ingen bedre gives, eller man har antagelige Beviser og gyldige Exempler af lige Beskaffenhed og Omstændighed for sig" (p. 29f). Når så både "alle vore gamle Skribenter" hevdar mannsnamnet Thronnd som forklaring, og det finst ei parallell forklaring i at namnet Gudbrandr ligg til grunn for namnet Gudbrandsdalen, så må Schøning konkludere med at det er både "naturligt og antageligt" at namnet "*Thrandheimur* har foranførte Oprindelse" (p. 29f). Schøning medgjev at "hvo denne *Thrond* har været (...) er det vel ei saa let at giøre rigtig og tilstrekkelig Rede derfor". Han var i alle fall ikkje den første som bygde i Trondheimen anten ein trur Thronnd var son av kong Nor eller soneson av sjølvaste Odin. Schøning meiner at Thronnd heller er den hovdingen som først la under seg dei åtte "Bøygder" (dvs. "fylka") som utgjorde Trondheimen. Schøning endar altså - trass i tvilen - ned på ei forklaring der han gjer ein mytisk person til ein historisk person, altså den feilen han blei så mykje kritisert for i ettertida.

Schøning viser til at heim-namn er brukte i andre land i Norden og i Tyskland og England. Han peikar på språkendingar som har ført til at namnet Sæheim er blitt til Sæm, og han hevdar at "Thronndhiem" med bokstavane "Th-" er rettaste skrivemåten, for "de Gamle" skreiv bokstaven "Þ" her (p. 29f).

Meir sannsynlege hypotesar om namneopphavet kom på byrjinga av 1900-talet, og i dag er det konsensus om andre tydingar av namnet Trondheim. *Norsk stadnamnleksikon* (1997:463) forklarar namnet med at "førsteleddet må vera stamme- eller folkenamnet *trønder*, gno *þrændr* (fleirt.). Gno. *þrændr* skal ein truleg oppfatte som presens partisipp av gno. *þroásk* vb 'vakse'. Folkenamnet tyder kanskje 'dei sterke, fruktbare'. Den "trivelege heimen" og den "trøndske heimen" var dei vanlege namneforklaringane først i dette hundreåret. (Falk og Hægstad 1918:6, og Seip 1930:3ff).

Schøning avsluttar drøftingane om Trondheims-namnet med å forklare "Thronndheims-Minne" som munningen av Trondheimsfjorden og ikkje eit anna namn på utløpet av Nidelva, slik det var blitt hevda. Namnet Trondheim hadde dessutan vore brukt om *alt* landet nordafjells. (Først i 1804 blei Tromsø Stift skilt ut frå Thronndhiems Stift.) "*Thronndhiems Stift*" hadde før og kort etter reformasjonen òg heitt "*Thronndhiems Erke-*

*biskopsdømme*". Kong Erik Magnusson kalla det elles i eit brev frå 1283 "*Erkebiskopsdømme i Nidarosi*" (p. 35).

Til slutt nemner Schøning at "vor Bye i de ældre Tider og ofte blev kaldet *Kaupanger*, eller *Kaupanger i Þrandheimi*". Men Kaupang var "et almindeligt Navn, som gaves enhver Bye, bemerkende det samme, som vi nu kalder *Kiøbstæd*" (p. 36). Kaupangr var altså eit appellativ - ikkje eit proprium.

Slik sluttar den første vitskaplege utgreiinga om bynamna Nidaros og Trondheim. Med unntak av tesen om mannsnamnet Trond som tyding av første leddet i landskapsnamnet vil eg hevde at hovudresultata hos Schøning framleis står fast.

## Gerhard Schøning versus Didrik Arup Seip

Schøning har rett i at Nidaros er det eldste bynamnet i norrøne kjelder, og Kaupang er eit appellativ (samnamn), ikkje eit proprium (særnamn). Det finst rett nok namneformer på Nidaros by i utlandet på 1000- og 1100-talet som er avleidde av det norrøne landskapsnamnet Þrándheimr. Det finst berre ei handfull skriftlege kjelder frå før 1150, og dei gjev ikkje grunnlag for å hevde at byen først heitte Trondheim og så skifta namn til Nidaros. Det eldste utanlandske belegget på bynamnet Nidaros står i handskriftet *Codex Ashburnham nr. 1554* som finst i Firenze, og som har ei bispeliste frå 1120-åra. Bispelista skriv seg frå den tida då erkebispesetet i Lund blei skipa, dvs. år 1104. Denne lista var ikkje kjend på Schøning si tid, berre fundasjonsbullen for erkebispesetet. I Vatikan-arkivet står bynamnet Nidrosia i den viktige bispestadlista *Cencius Camerarius* frå året 1192. Desse kjeldene er komne inn i debatten lenge etter Schøning si tid, men dei peikar i same lei og stør opp under forklaringane hans. Det er dokumentert at frå slutten av 1100-talet var bynamnet Nidros(ia) einerådande i latin over heile Europa. Den namnetradisjonen er aldri blitt broten i latin.

Seip 1930 hevda at namnet Nidaros vart sett på byen av kyrkja i 1170-åra, og meinte at namnebruken hos Adamus Bremensis frå 1070-talet dokumenterer at det opphavlege bynamnet var Trondheim/(-hjem). Seip blei imøtegått av både Indrebø og Kolsrud som viste til at Adam av Bremen i grunnen tok feil i det meste han skreiv om nordleg norsk geografi. Schøning forklarar nettopp mistydinga av bynamnet i tyske og danske kjelder med denne opphavlege feilen hos Adamus. Saxo Grammaticus (p. 9) fører *derfor* denne feilen vidare, Albertus Chrantzius (p. 22) trur *derfor* i 1583 at Nidaros før hadde heitt Trondennis, og Iacobus Zieglerus (p. 27, fotnote 45) trur i 1532 *derfor* at Nidaros opphavleg hadde heitt Truithaim.

Adamus Bremensis hadde dessutan vore opphavet til så mange vrangforestillinger om Noreg at Gerhard Schøning gav denne karakteristikken av han: "En stor Sludrer og tildels Løgner" (Her sitert etter Bull 1916:158).

Seip 1930 hevda at det eldste bynamnet var Kaupang og at det namnet etter kvart som andre kaupangar voks fram, blei presisert til Trondheims-kaupangen. Kari Ellen Gade 1997 viser derimot at Seip tar feil av namnebruken i den viktige norrøne kjelda *Morkinnskina*. Det er ikkje rett at Kaupang har stått i dei eldste kjeldene og er blitt retta til Nidaros seinare. Forekomstar av Nidaros-namnet har stått der i dei opphavlege handskriftene, meiner ho. Kontekstane namna står i viser dessutan at Seip sin konklusjon om Nidaros som eit spesifikt kyrkjeleg namn, heller ikkje stemmer. Gade viser til at Trondheimsnamnet òg er brukt i tilsvarande kyrkjelege samanhengar som Nidaros-namnet er brukt i. Oluf Kolsrud (1930 og 1931) sin konklusjon i dette spørsmålet er dermed styrkt av Gade 1997; namnet *Trondheim* var eit utanlandsk, litterært og kyrkjeleg namn. Men alt hos Schøning er det slått fast at det er ein misforstått namnebruk ved erkebispesetet i Hamburg-Bremen og i Roma som er opphavet til at Trondheims-namnet blir brukt om byen. Schøning kjende vel til *Morkinskinna*. Saman med Snorre og Theodoricus er Morkinskinna hovudkjeldene som han ausar av i Suhm og Schøning 1757. I OBN viser han ikkje til Morkinskinna, men tidfestinga viser at han har lese verket før han skreiv OBN.

Seip derimot, går nettopp i den fella som Schøning åtvarar imot p. 10f, og tolkar Trondheim som bynamn når det er meint landsdelen eller landsdelen irekna byen. Det same gjorde Henrik Mathiesen 1918, mens Theodor Petersen 1927 hevdar at det i kongesogene neppe er mogleg "at sette fingeren på et eneste sted, hvor sagaen *bevisst* har brukt *Trondheim* om kaupangen. Men mange er de tilfeller, hvor der kun ligger en hårsbredd mellem landskapsnavnet og bynavnet, eller hvor det ene tilsynelatende helt dekker det andre" (Petersen 1927:11). Petersen gjekk derimot seinare vekk frå dette standpunktet og over til synspunkta hos Seip 1930. Han hevda at Trondhjem/-heim var eit eldre bynamn enn Nidaros, og at Kaupang var det aller eldste. Alt 170 år før Didrik Arup Seip hadde Gerhard Schøning avvist desse påstandane. Det hadde Schøning gjort med eit verk som - i motsetnad til Seip - både samanliknar og relativiserer kjeldene. Det må reknast som eit av dei første humanistiske/filologiske vitskapsverk i Danmark-Noreg.

## Merknader til handskriftet.

Pagineringa i marginen følgjer sidene i handskriftet OBN. Fotnotetilvisingane hos Schønning er gjorde med bokstavar. Her er det sett inn tal i tillegg til bokstavane for å lette oversynet.

Vi har her ikkje gjort nokon systematisk studie av "norvagismar" i Schønning's dansk. Skriftmålet er stort sett innafor vanleg dansk skriftnormal før 1770-åra. Når han skriv "har" for "haver", var han ikkje aleine om å skrive slik i Danmark-Noreg. I OBN nyttar han konsekvent kortforma "har" i eigen tekst, mens sitat eller sitatliknande utdrag på p. 7, 20, 21, 22, 24 og 28 har forma "haver". I fotnote 59(h) p. 35 finn vi òg kortforma "taer" for "tager". Ei ordform som "Bøygd" (p. 32) og "Bøigdelav" (p. 33) - for bygd og bygdelag - er det mest sannsynleg å forklare som særeige trøndsk mål. Former med diftongen -øy- finst i trøndske målføre den dag i dag.

I OBN er det mange understrekingar. Det er ikkje visst at alle er laga av Schønning, men alle er tekne med her.

P. 1. I fotnote 1(a), linje 3 er [nin] i Bygninger sett inn. I OBN er det hol i papiret på denne staden. Det same gjeld "[Men]", same stad, siste linje og "[Bre]vet" på p. 6, fotnote 10(k).

P. 2. Mellom p. 2 og 3. i originalmanuskriptet ligg det teikningar med påskrifta "Grundtegning over Østraat-Gaard". Dei er ikkje tekne med her.

P. 4. I fotnote 4(d) er ordet "[været]" sett inn. Det er mest truleg berre utegløymt i OBN. I OBNK er "været" sett inn, men utan merknad.

P. 5. "NB" (i marginen p. 5) er kanskje ikkje Schønning's eige.

P. 13. "paa Svenske Riim (...) uretteligen Nædiroos eller Nædiroos" I handskriftet er æ-grafemet skrive som a med ein e like over a-en.

P. 16. Boka Schønning viser til i fotnote 32(\*) er Helduadero, Nicolao 1624. På den tilviste side 12 hos Helduadero heiter det: Daß vierdte Königliche Schloß ist *Nidrosia* von dem Fluß *Nidero* und *Rosa*, oder einer Rosen also genennet / welches der Name einer Kirche ist: Sein gemeiner Name ist Trundthheim/ hieß vor Zeiten *Trondon*, war dieses gantzen Landes fürnemdste Hauptstadt / ist aber numehr gering worden / in welcher doch vor vielen Jahren die Ertzbischoffe ihren Sitz gehabt / so lange sie bei Bapst: Catholischer Religion geblieben." OBNK har utelatt tilvisinga. Ho er svært vanskeleg å tyde i originalhandskriftet.

P. 19. Det er to "NB" i marginen, og dei ser ikkje ut til å vere skrivne av Schønning. Av trykjetekniske grunnar er berre eit NB med her.

P. 21. "Ar: Magnæi MSSter" tyder Arni Magnússons manuskript.

P. 24. Peder Claussøn Friis voks opp i Audnedal der faren var sokneprest. Dansk skrivemåte for Audnedal var Undal.

P. 35. "Upplónd, Thrandheimur, Halogaland Finmórk" Teikna her tilsvarar om lag handskriftsgrafemet, og er markering av omlydte former, jf. ö i islandsk og "o med kvist" i standard norrønt.

OBNK er ei avskrift med mange diskrepansar i høve til originalmanuskriptet OBN. For det første manglar det understrekingar gjennom heile dokumentet. Her må vi likevel vere opne for at nokre av understrekingane i OBN kan vere laga etter at OBNK var skriven av. Avskrifta er verken datert eller signert. Avskrivaren har fleire stader løyst problemet med å tyde skrifta med å berre skrive "etc." eller rett og slett ved å utelate setningsdelar. "Rettingar" av typen "iden Tilfælde" (OBNK, p. 12) til "i dette Tilfælde" finst det òg. Avskrifta er altså ikkje heilt etterretteleg.

1.

Gerhard Schøning:  
Cap: 1ste  
Om Byens Navne; deres Oprind-  
else og Bemerkelse.

§. 1. Throndhien, eller som de Gamle i Almindelighed kaldte den, Nidaros, hvilket og er Byens rette og egentlige Navn, har uden al Tvil været en af de ældste, mægtigste og navnkundigste Stæder, ei allene her i Norge, men end og i hele Norden. At den her i Riget har været det, sær i Henseende til de tvende sidste Poster, kan best sees af det efterfølgende; ligesom det og i sig selv er en Sag, der let kan tilstaaes og begribes, naar man kun betænker, at den i gamle Dage var Rigets Hovet-Stad, at Kongerne havde der deres ordentlig Residence, saavel som de da værende Erkebisper, og at her i Throndhien var den Tid Landets og Rigets fornemste Størke: Hvorover man og finder, at i de ældre Tider har den gjerne havt Rangen blandt de andre Nordske Stæder, hvorpaa man blandt andre har Exempel i det Brev, ved hvilket de Nordske fornemste Stæder Aar 1344 antaer og erkiender Hakon Magnusson (a)<sup>1</sup> for deres Konge,

2. hvor Nidaros staaer først i Ordenen, siden Bergen, derefter Opslo; og endelig Tunsberg. Men hvad Byens Alder angaaer; saa negter jeg vel ikke, at der jo her i Norden baade har været og endnu ere adskillige Steder, hvilke i Henseende til Navnet, har været bekjendte førend vor Stad blev det, saasom Tunsberg og Stenkiær i

---

<sup>1</sup>(a) See Th. Torfæi Histor: Norveg: Par: 4 p: 476. Auctor til den saa kaldede Norvegia Religiosa berømmer Staden Throndhien dens Domkirke og andre Byg[nin]ger, i følgende artige Vers saaledes: "Den Tid Reisen mellem os ydermere Skilsmis gjorde, Og ei mange Dage mig loed hen i den Stad antvorde hvor vor Nid og Lychis Speil, Tiger Floden ei ulig, Giennem Trønders flade Enge ned i Haffnen suinger sig. Hos den Mur, hvis lige nu andre rige Lande ei haffve; Hos de gamle Førsters Been, de som lagdes der i Graffve, De som der i deris Tide sade paa Regenter Stoel, Høyt i Nor-Mænds Konge-Sale, i det gamle Konge-Bol. Som i Bygning, Krig og Mod ingen Stæder vilde vige [Men] saa vel som andre nu veed af Lyckens Spil at sige etc:"

Norge, Ribe, Odense, Leire, Roschild og Lund i Danmark; Sigtuna og Bircen, Scara og Upsala, samt Visby i Sverrig. Men om de fleste af dem har været virkelige Kiøbstæder, førend vor Bye blev det, Aar 996, og om saadant med nogen Vished kan siges? det bliver et andet Spørmaal, naar man undtager Tunsberg, Visby og maaskee et Par andre: Thi at sidst benævnte har, førend Throndhie blev giort til Kiøbstæd, været Steder, hvorfra og hvorpaa der er drevet Handel og Skibsfart saa vel af indenlandske, som fremmede, kan nok godtgiøres; men at de fleste andre, og iblandt dem i sær Roschild og Upsala har i de ældre Tider, førend og noget efter de bleve giorte til Bispe-Sæder, været andet, end Gaarder, Landsbyer, Offer-Steder, eller Konge-Gaarder,

3. med endeel andre Huse hos, ligesom Mære her inde i Sparboen, Hlade det gamle Konge- og Greve-Sæde her ved Byen, og Throndhie selv var, førend den bemeldte Aar først blev giort til Kiøbstæd, er noget, som man har største Aarsag at tvile paa (b)<sup>2</sup>, uagtet hvor gammel endeel af de Svenske end ville gjøre deres Upsala (c)<sup>3</sup>, og at Saxo Grammaticus vil bilde os ind, at Roschild er anlagt og har faaet sit Navn af Kong Røe, som skal have levet i de neste Seculi, efter Christi Fødsel.

§. 2. Men dette, som vor Sag kun lidet vedkommende, ville vi lade staae ved sit Værd og allene erindre, at hvis Throndhie udi Ælde ei har overgaaet sidstbemeldte Stæder, hvilke ogsaa, hver i sit Rige, har været Hovet-Stæder her i Norden, saa har den dog betaget, eller giort dem Rangen stridig, i mange andre Omstændigheder, saasom i Henseende til St. Olufs store Navn og Rygte, hvoraf den var blevet bekjendt og anset over den hele Christne Verden, end og længe førend hine Lande finge deres Helgene, hvilke

---

<sup>2</sup>(b) I det mindste tilstaaer den Svenske Skribent Ericus Olai, som og er den ældste Historie-Skriver, de Svenske har at Stedet længe har hedt Upsal, førend nogen Stad der blev anlagt. See Scheferi Upsalia Cap. 2. pag. 11.

<sup>3</sup>(c) Da de veed at fortælle os, at den er opbyggt 246 Aar efter Syndfloden, før Abrahams Tider. Saa nøie har de regnet det ud! Men paa hvilken Grund, vil blive vanskeligt at udfinde: Da Adamus Bremensis, som levede i det 11te Seculo efter Christi Fødsel uden Tvil er den første af de Skribenter, vi endnu haver, som taler om den; og det endda ikke, som om en Stad, men kalder den saa slet hen Upsal. See Shefferi Upsalia pag. 14.

4 ogsaa langt fra ei komme i saa stort Udraab, som denne Nordske Martyr (d)<sup>4</sup>; i Henseende til de mangfoldige Valfarter, som derover bleve giorte fra alle Kanter til de her værende hellige Steder og St. Oluf, og de Rigdomme, hvilke derved bleve trukne her ind i Landet, og vare saa store, at de end og opvakte Misundelse hos vore Naboer (e)<sup>5</sup>; i Henseende til den Magt og Velstand, som vor Bye derover kom udi (f)<sup>6</sup>, og kan, foruden af andre Tinge noksom skiønnes allene af dens mange Kirker og Klostere, hvilke en vis Skribent regner for at have været ved 50 i Tallet (g)<sup>7</sup>; og endelig i Henseende til dens overmaade prægtige Domkirke, hvilken i sin Velmagt ei allene langt overgik alle andre Bygninger her i Norden, men og som fremmede selv maae tilstaae, næsten over hele Europa. Saa at alt dette, foruden meget andet, noksom viser, hvor stort Fortrin denne Bye har havt fremfor de andre her i Norden, og at, om nogen af dem fortæner at beskrives, det da visselig er denne, hvilken dog har havt det Vanheld frem for andre, at ingen har taget sig saadan Forretning for Alvor an,

- 
- <sup>4</sup> d) See herom det Danske Magasin Tom: 3. pag: 5., hvor det saa heder: Dette maae vi dog erindre, at som Kong Oluf haver [været] en af de første, saa har han og noget nær været den ypperste Helgen i hele Norden, og der er vel ingen af alle de Danske, Norske og Svenske Helgene, til hvis Hvile-Sted der forudm ere skeete saa utallige kostbare Pilegrims Reiser fra alle Lande, som til St. Olufs Grav, i Trundhiems Domkirke, hvilken og derved har samlet en utrolig Skat og Rigdom, og var en af de prægtigste og største Kirker i hele Christenheden. See og Pontoppidans Annal. Eccles: Dan: Tom: 1. pag: 182.
- <sup>5</sup>(e) Jeg mener de Svenske, hvilke indtil Aar 1312 eller 1313 havde ydet en aarlig Skat til Thronthiems Domkirke, kaldet St. Olufs Skat, men som det da af Øvrigheden blev forbudet derefter at føre ud af Riget.
- <sup>6</sup>(f) Allerede i den Thronthiemske Monkes Theodorici Monachi Tid var den hele Rigets Hovet-Stad, og en meget anseelig Bye, som disse hans Ord viser: Nunc Caput est (Nidrosia) totius regni, non solum Metropolitana Sede, verum etiam reliquiis beatissimi Olau Martyris honorabiliter sublimata ciuitas. See hans Historia Regum qvorundam Norvegiæ pag: 18.
- <sup>7</sup>(g) M: Absolon Beyer i hans Mst: om Norge. See Eduard Eduardsens Bergens Beskrivelse Mst: Part: 1. Lib: 4. Cap: 19.



ei heller efterladt os nogen ret Samling og Udkast dertil. Paa hvilken betydelige Mangel jeg ved nærværende Skrivt vil søge, efter Formue, at raade Bod, ved at bringe i Orden og udgive hvad jeg dertil har kundet samle; hvorpaa vi skal gjøre en Begyndelse med at undersøge Oprindelsen til de Navne, som denne Bye har faaet saavel i de ældre, som i de senere Tider.

§. 3. Jeg siger med Forsæt: saa vel, de ældre, som senere Tider: Thi endskiønt Staden nu overalt, saa vel af fremmede, som Indbyggerne selv, kaldes Thronthiem, saa er dog dette et Navn, som hverken dens første Stifter have

6. givet den, ei eller har været antaget af de ældste Indbyggere, eller brugt af vore gamle indenlandske Skribenter, som alle med hinanden stedse har kaldet Staden Nidaros, men Stiftet, eller rettere Districtet, i hvilket den ligger, Thronthiem, eller som de Gamle skreve det, Prandheimur og Prondhem. Exempler og Beviser herpaa kunde anføres i Snese-Tal, men vi ville lade os nøie med nogen faae; hvoriblandt det første skal tages af Olaf Tryggvasons Saga, eller Kong Oluf Tryggesøns Historie paa Islandsk, hvor det saa heder (h)<sup>8</sup>: Kvam Olafr Kongr Lidi sino um haustit sudur til Thrundheims, hellt hann sudur til Nidaross, enn bio thar til Vetursetu. d: er: Kong Oluf kom med sin Krigshær om Høsten sør til Thronthiem, og drog sør til Nidaross, og lavede sig til at være der Vinteren over. Og paa et andet Sted i bemeldte Saga heder det (i)<sup>9</sup>: at Thorvaldr kom af Havet ind til Thronthiem, og lagde ind til Nidaros. Hvor man seer at der udtrykkelig gøres Forskiel imellem Thronthiem og Nidaros; hvilket samme endnu tydeligere skeer i et af kong Erich Magnussons Breve (k)<sup>10</sup>, af Aar 1299 omtrent, hvorved han giver
7. Kanikerne i Thronthiem Frihed paa 6 Svenne at have til deres Bordhold i Communitet, og som begynder med disse Ord: Allom mannom theim sem thetta breff sea edha høyra y Prondeimi och y bønom Nidaros etc. #<sup>11</sup> Saa at bemeldte Absolon Beyer har derfor

---

<sup>8</sup>(h) Edit: Schalholt: Part: 2. pag: 134.

<sup>9</sup>(i) Loc: sit: pag: 36.

<sup>10</sup>(k) [Bre]vet er paa gammelt Nordsk, og staaer i min Beskrivelse over Thronthiems Domkirke.

